

HANDLINGSPLAN

FOR LIKESTILLING, KJØNNSBALANSE OG

MANGFALD 2018–2020

Det teologiske fakultet

Vedtatt av fakultetsstyret 14.6.2018

Visjon

TF vil arbeide mot alle former for uakseptabel eller ulovleg forskjellshand-
saming og for eit godt studie- og arbeidsmiljø.

*Det teologiske fakultet skal vere eit oppe og inkluderande fakultet for alle tilsette
og studentar utan omsyn til kjønn, etnisitet, religion og livssyn, politisk syn,
seksuell orientering, funksjonsevne eller alder.*

*TF vil profilere fakultetet som ein attraktiv arbeidsplass og studiestad
uavhengig av kjønn, og i alle livsfasar. Fakultetet vil arbeide for å synleggjere
kvinnens kompetanse innanfor og utanfor fakultetet.*

Forankring

Planen er forankra i UiO sin "Strategi 2020" og i "Handlingsplan for likestilling,
kjønnsbalanse og mangfold 2018 - 2020" <http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/personal/likestillingsarbeid/rapporter/handlingsplan-likestilling-2018-2020.pdf>.

UiOs handlingsplan har fire hovudmål:

- Økt innsats for å forebygge trakassering med hovedvekt på seksuell trakassering
- Kvinneandelen i vitenskapelige stillinger og vitenskapelige lederstillinger skal øke
- Styrke arbeidet med mangfold ved UiO
- Bedre kjønnsbalansen i alle studieprogrammer

Ansvar og rapportering

Fakultetsleiinga har ansvar for oppfølging av mål og aktivitet i planen. Leiinga rapporterer årleg til styret ved TF og til universitetet sentralt om tiltak og resultat; status for og effekten av aktivitetane.

Hovudmål

Det teologiske fakultet skal ha

- eit godt arbeids- og studiemiljø fritt for trakassering

- kjønnsbalanse i alle stillingskategoriar, i leiinga og i studieprogramma ved fakultetet

- fokus på likestilling, kjønnsbalanse og mangfald i aktiviteten ved fakultetet

- auka mangfald blant tilsette og studentar

Miljø

Eit godt arbeids- og studiemiljø fritt for trakassering

TF skal ha eit godt arbeids- og studiemiljø

Aktivitet:

- Førebyggje alle former for mobbing, trakassering og diskriminering gjennom å halde fokus på gode møteplassar og omgangsformer
- Samarbeide med studentutvalet om å førebyggje mobbing, trakassering og diskriminering i studiemiljøet
- Gjere alle tilsette og studentar merksame på korleis dei kan bruke vernelinje/studentombodet og ulike varslingsystem (jf. Si-fra-systemet)
- Gjere støtteapparatet mot seksuell trakassering kjent for alle
- Arbeide for eit arbeidsmiljø med
 - felles aktivitetar som fremjar kommunikasjon og forståing
 - gode sosiale tiltak med avgrensa bruk av alkohol
 - ansvarleg bruk av sosiale media

Kjønnsbalanse

TF har som hovudmål å auke delen av kvinner i faste vitskaplege stillingar til 40 % og kvinnelege professorar til 30 %

Aktivitet:

- Fast vitskaplege stillingar lysast ut som førsteamanuensisstillingar
- Ved bruk av professor II-stillingar skal det tas særlig omsyn til målet om kjønnsbalanse
- Stillingsomtalar og utlysingar skal ta omsyn til målet om kjønnsbalanse
- Vurderingskomitear skal vere merksame på fordomar og «implicit bias» med omsyn til kjønn og mangfald
- Nytte høvet til å ta i bruk moderat kjønnskvoltering når to kandidatar er likt eller tilnærma likt kvalifiserte
- Leggje til rette for at kvinneleg tilsette førsteamanuensar kan kvalifisere seg for opprykk til professor
- UiO sitt karriereutviklingsprogram for kvinnelege førsteamanuensar skal nyttast aktivt for å fremje målsetjinga om auka del kvinnelege professorar
- Arbeide for kjønnsbalanse i leiarstrukturen og faglege leiarstillingar

Administrative stillingar

- Arbeide for kjønnsbalanse i administrasjonen

Kjønnsbalanse i studieprogramma

TF vil ha kjønnsbalanse blant studentar og undervisarar i alle studieprogramma

Aktivitet:

- Studentar i alle studieprogram skal bli underviste av mannlege og kvinnelege lærarar
- Kjønnsperspektiv skal vere integrert i forskning, undervising og pensum

Fokus

Fokus på likestilling, kjønnsbalanse og mangfold i aktiviteten ved fakultetet

Aktivitet:

- Likestillingsperspektivet skal være integrert i alle strategi- og plandokument ved fakultetet
- Kjønn, likestilling og mangfold skal jamleg vere tema på fakultetsseminara
- Kvinner sin faglege kompetanse skal gjerast synleg mellom anna gjennom at dei skal ta del i arbeid med forskingssøknader og ta del i nettverksbygging og internasjonalisering
- TF skal nytte nettsider og andre media til aktiv og kontinuerleg synleggjering av kvinner si forskning

Mangfold

Mangfold blant tilsette og studentar

Fakultetet skal vere ein diskrimineringsfri arbeids- og studiestad for alle og legge til rette for studentar og tilsette med ulike etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion og livssyn, politisk syn, funksjonsevne, alder, kjønnsidentitet og seksuell orientering.

Aktivitet:

- Kartleggje fysiske, sosiale og andre utfordringar med omsyn til mangfold ved fakultetet
- Leggje godt til rette for utanlandske tilsette, mellom anna gjennom å gjere bruk av mottaksapparatet for internasjonale tilsette (International Staff Mobility Office)
- Halde fram med å rekruttere ei mangfaldig gruppe av studentar og tilsette
- Samarbeide med studentutvalet om styrkt kontakt mellom studentar med ulike bakgrunn, ulike haldningar og (livs)syn

UiOs plan 2018-20 <http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/personal/likestillingsarbeid/rapporter/handlingsplan-likestilling-2018-2020.pdf>

TFs plan 2014-17

http://www.tf.uio.no/om/strategi/handlingsplan_likestilling_tf_vedtattfs_040914.pdf